

3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Fellesutgifter - fellesinntekter omhandlar fylgjande tenestoområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einskilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
 - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
 - Felles datakommunikasjon
 - Telefon og telefax
 - Frankering – porto
 - Kontingent til KS
 - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
 - Premieavvik blir samla her frå 2011.
 - Løn til hovudtillitsvalde
 - Utgifter til bedriftshelseteneste

Drift

	3 Fellesutgifter/Fellesinntekter	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1000	2019	2019	2019	2018
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 001	1 210	1 195	1 091
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	546	847	847	1 018
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	11 258	9 000	9 000	10 014
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-11 745	-9 682	-9 682	-8 670
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	-1 109	391	391	424
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	5 946	5 885	5 885	4 552
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	1	142	142	119
1720	PENSJON	294	-4	-4	117
1730	PREMIEFOND	-5 252	230	230	-7 379
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	16	-	1 493	19
2110	BARNEHAGE	201	227	227	154
2120	GRUNNSKOLE	141	227	227	26
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	191	227	227	55
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	-	-	-	3
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	539	1 056	1 056	438
2546	GISKE OMSORGSSENTER	129	266	266	220
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	-	-	-	22
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONHEMMA	96	-	-	-
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	9	-	-	-
TOTALT		2 263	10 020	11 498	2 223

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk i netto driftsutgifter på kr 7 757 000.

Generelle personalpolitiske tiltak - har eit mindreforbruk på 468 000. Til tenesta ligg blant anna frikjøp av tillitsvalde. Mindreforbruket skriv seg i stor grad frå høgre refusjon frå fagforeningane enn budsjettert

Generelle arbeidsmiljøtiltak - overforbruk kr 397 000, som i hovudsak kjem av for lavt budsjetterte utgifter til bedriftshelseteneste.

Diverse fellesfunksjonar - meirforbruk 1,178 mill kr. Samansett av forsikring, betaling til eKommune, IKA og lisensar og serviceavtalar.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ein inntektsauke på 3,6 mill kr. Bruk av premiefond vart 5,4 mill kr. over budsjettet. Begge deler må sjåast i sammenheng med pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, netto vart det eit samla mindreforbruk på 10,1 mill. kr for pensjonskostnadane.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Det er verdt å merke seg at pensjonskostnaden vert fordelt på einingsnivå, medan premieavviket vert ført på rammeområde 3. Dette gjer at effekten av premieavviket ikkje vil verte synleg på rammenivå slik at dei får ein relativ høg pensjonskostnad.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.